



Siv Jensen og ordførar Synnøve Solbakken flankerar rådgjevar i Stortingsgruppa for Frp, Tone Liljerot.

Frp-leiar Siv Jensen har vore på farten i Kvinnherad i dag og møtt mange - både sympatisører og andre som har gjeve ho allsidig orientering om regionale og lokale spørsmål. Ho har mellom anna vore innom Brødrene Hjørnevåg i Uskedalen, men det var nærmast tilfeldig då det skulle haldast styremøte i Kvinnherad Næringservice der.

Jensen vart mellom anna orientert av dagleg leiar Yngve Bryhn om reingjeringseventyret VIBE, der gründer Svein Tveit kom frå Sunde. Omsetnaden har sidan 1988 har vakse til 140 millionar og staben no tel 500. Konsernet som er femtestørst i landet har mellom anna sikra seg kontraktar med kommunane Os og Bømlo gjennom konkurranseutsetjing,

Men VIBE er no inne i 50 norske kommunar. No er halve staben av utanlandsk opprinnelse og Bryhn innrømte at språket difor er ein stor utfordring. Men han trudde at andelen av utlendingar vil vekse til 90 prosent i 2015. Sjukefråveret ligg for tida på 10 prosent.

Jensen var overtydd om at konkurranseutsetjing vil bli stadig meir vanleg i åra som kjem. På den måten vil ein få stadig meir ut av pengane til skattebetalarane.

Den nye sjefen for Kvinnherad Energi Hans Martin Hjelmeland ga eitt breitt oversyn over energispørsmål sett gjennom lokale brillar.

Ordførar Synnøve Solbakken nytta høvet til positiv marknadsføring av kommunen: - Folketalet aukar, vi har mange flinke folk og mange gode prosjekt, sa ho i ein oppsummering.

Seinare i ettermiddag har det vore middag med inviterte pensjonistar og Jensen har hatt ein gjennomgang av FpS og eldreopprøret før det er folkemøte i kinosalen på Husnes.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Den nye KE-sjefen Hans Martin Hjelmeland orienterer. Lengst til venstre Siv Jensen, til høyre for henne verten Marit Hjørnevåg.